

Fiskeridirektoratet
postmottak@fiskeridir.no

SAK 19/2022
REGULERING AV FISKET ETTER HESTMAKRELL
INNSPEL FRÅ PELAGISK FORENING

Pelagisk Forening registrerer at ICES «anbefaler at når MSY-tilnærmingen følges så bør fangstene i 2023 være 0.»

Pelagisk Forening meiner at eit eventuelt totalforbod mot fiske etter hestmakrell er svært uheldig. Det er umogeleg å driva industritrålfiske med null i bifangst. Det må ikkje blir slik at nullkvote medfører at andre fiskeri må opphøyra.

Pelagisk Forening ønsker difor ein viss minimumskvote.

Det er mindre kystfartøy som har lykkast med hestmakrellfiskeri. For desse reiarlaga er hestmakrell ein viktig del av driftsgrunlaget. Det er stor skilnad på dette fiskeriet, og den havgåande flåten sitt fiske av hestmakrell. Den minste flåten bør difor få fortsetja med direktefiske etter hestmakrell.

Bergen: 24.10.22

Pelagisk Forening/
Pelagisk Servicekontor AS



Ask Økland
Advokat



Mariann Frantsen
Dagleg leiar